



Er delvis kommunal overtaking av drifta av Heio ei løysing? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Leiar Bjarne Lilleaas i idrettslaget nøler ikkje med å følgja opp ein invitasjon/antydning frå kommunen om driftsovertaking av bana på Heio, men ilaget ynskjer berre delvis overtaking.

Lilleaas strekar under at den flotte grasbana i hovudsak blir nytta av idrettslaget, men at den er også ein ressurs og eit supplement for resten av Kvinnherad.

I mange år vart bana på ein framifrå måte klypt og stelt av Edvin Kjærland. I etterkant er det fleire som har delt på desse oppgåvene og det er ikkje alltid like lett når ein har med tildels dårleg og lunefullt utstyr å gjere. Ofte når behovet er som størst, dukkar det opp maskinelle problem, påpeikar leiaren.

Han minnar om at kommunen har skikkeleg og robust utstyr og kompetente og flinke folk og idrettslaget ville sjå det som ei stor lette om kommunen kunne ta på seg denne praktiske oppgåva mot eit høveleg vederlag/leige frå laget si side.

Laget vil framleis ta seg av løpebane og resten av anlegget.

Av Ola Matti Mathisen